



Arkivnr: 2014/18836-2

Saksbehandlar: Sigrid Helene Aardal

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.10.2014

**Høyringsfråsegn - forslag til endringar i vallova og valforskrifta****Samandrag**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (departementet) har sendt forslag til endringar i vallova og valforskrifta på høring. Hordaland fylkeskommune er høringsinstans i saka. Høringsfristen er sett til 31. oktober 2014.

Høringsnotatet inneheldt og ei evalueringa av stortingsvalet i 2013.

Departementet fremjar forslag til følgjande endringar i vallova og valforskrifta:

- Endring av ansvar for produksjon og utsending av valkort – endring i vallova og valforskrifta.
- Korrigera kor kretsendringar skal rapporterast – endring i vallova
- Utforming av røystesetlar – endring i valforskrifta
- For seint innkomne førehandsrøyster – endring i vallova

Departementet ber spesielt om tilbakemelding på kva ein bør gjera for å få ned det høge talet på for seint innkomne førehandsrøyster.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må nyttva valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.

Kjem det av dette grunnlaget fram at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Hordaland fylkeskommune meiner ein då må forlenga fristen for når røystene må vere kome fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Forslag til endringar i vallova

## Fylkesrådmannen, 23.09.2014

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (departementet) har sendt forslag til endringar i vallova og valforskrifta på høring. Høringsnotatet inneheldt og ei evalueringa av stortingsvalet i 2013.

Hordaland fylkeskommune er høringsinstans i saka. Høringsfristen er sett til 31. oktober 2014.

Høyingsnotatet er på 74 sider og kan lesast i sin heilheit ved å ta kopi av linken for å finna dokumentet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---Forslag-endringer-i-valgloven-og-valgforskriften/Horingsnotat.html?id=765048>

### Evaluering av gjennomføringa av val 2013

#### Statleg valsystem

Departementet innførte ved valet i 2013 eit nytt valadministrativt system, EVA. Systemet har fått gode tilbakemeldingar frå kommunane og fylkeskommunane, men departementet har og fått nokre tilbakemeldingar med endringsforslag og systemet vert utvikla vidare mot valet 2015.

Departementet har tidlegare varsle at det vil verta vurdert å lovpåleggja bruk av EVA. Bakgrunnen for dette er eit ønske om å sikra at alle data vert henta ut og rapportert i same system. Dette vil medføra ein betre demokratisk kontroll på eit viktig område. Departementet meiner at det er for tidleg å føreslå lovfesting no, og meiner det vil vera nyttig å få erfaringar frå bruken av EVA også frå eit kommunestyre- og fylkestingsval før denne vurderinga vert gjort. Departementet vil koma tilbake til dette spørsmålet etter valet i 2015.

#### Valdeltakinga

Valdeltakinga ved stortingsvalet auka i 2013 samanlikna med stortingsvalet i 2009. Den offisielle statistikken frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at valdeltakinga i 2013 var på 78,2 prosent, ein auka på 1,8 prosentpoeng frå valet i 2009.

Det har vore ein auke i valdeltakinga for nesten alle aldersgrupper frå 2009 til 2013. Valdeltakinga blant førstegongsveljarar spesielt, og blant unge veljarar generelt, auka merkbart frå 2009 til 2013. Blant førstegongsveljarane (18-21 år) auka valdeltakinga med 10 prosentpoeng. Også i den eldste aldersgruppa (60-79 år) har det vore en markant auke i deltakinga samanlikna med 2009.

#### Avgjevne røyster, førehand og valting

I 2013 vart det sett ny rekord for talet på førehandsrøyster. 30,2 prosent av alle godkjende røyster vart gjevne som førehandsrøyster. Dette er ein auke på 5,8 prosentpoeng samanlikna med valet i 2009, og 12,3 prosentpoeng meir dersom ein samanlikna med stortingsvalet i 2005.

#### Forkasta røystegjevingar og røystesetlar

Totalt vart det forkasta 3 255 røystesetlar ved stortingsvalet i 2013. Til samanlikning vart det forkasta 2 064 røystesetlar i 2009. Ein reknar med at størsteparten av denne auken skuldast manglande stempel på røystesetelen ved førehandsrøystegjevinga. Dette var nytt ved valet i 2013 då omslagskonvolutten vart fjerna.

#### For seint innkomne førehandsrøyster

Førehandsrøyster som skal kunne godkjennast og teljast med i valoppgjeret må vera kome inn til valstyret valdagen innan kl. 21.00. Røyster som kjem etter denne fristen skal forkastast. Det har ikkje vore lagt opp til at kommunane skal rapportera talet førehandsrøyster som kjem inn for seint til å takast med i valoppgjeret/møteprotokollen. Av fylkesvalstyra sine møtebøker kjem det fram at det er forkasta 62 førehandsrøystegjevingar på landsbasis, fordi dei kom for seint frem til valstyret. Det er liten tvil om at dette talet er for lavt. Departementet gjennomførte ei undersøking i alle landet sine kommunar i tidsrommet 18. – 19. september 2013 der målet var å få oppgjeve talet på førehandsrøyster som var kome for seint inn til å kunna takast med i valoppgjeret.

Til saman 376 kommunar svarte på undersøkinga, og 203 kommunar opplyste at dei hadde motteke førehandsrøyster etter at fristen var gått ut. I desse kommunane var det kome inn 1 653 førehandsrøyster for seint til å kunna takast med i valloppgjeren. 391 av disse røystene var utanriksrøyster. Desse røystene er komme så seint at møteboka for kommunane er ferdig og valmaterialet er gjerne sendt over til fylkesvalstyret for kontroll.

Departementet gjorde greie for dei for seint innkomne førehandsrøystene for Riksvalsstyret i møte den 26. september 2013. Riksvalsstyret merka dette:

*"Riksvalgstyret forutsetter at det gjennomføres en evaluering av både regelverk og rutiner, og at det på bakgrunn av dette foreslås tiltak for å sikre at forhåndsstemmer avgitt utenfor egen kommunen blir tatt med i valgloppgjøret."*

### **Forslag til lov- og forskriftsendringar**

Departementet fremjar forslag til følgjande endringar i vallova og valforskrifta:

- Endring av ansvar for produksjon og utsending av valkort – endring i vallova og valforskrifta.
- Korrigera kor kretsendringar skal rapporterast – endring i vallova
- Utforming av røystesetlar – endring i valforskrifta
- For seint innkomne førehandsrøyster – endring i vallova

### **Endring av ansvar for produksjon og utsending av valkort**

Departementet vurderer om det skal gjerast endringar i ansvarsforholdet rundt produksjon og utsending av valkort. I dag ligg dette ansvaret hos valstyret i den enkelte kommune, og departementet vurderer om dette ansvaret skal overførast til departementet. For å produsere valkort er departementet avhengig av grunnlagsdata som kommunane har kunnskap om.

Dei vurderer difor å endra forskritsheimelen slik at departementet kan gje forskrift om valstyret sine plikter i samband med produksjon av valkort. Departementet foreslår at kostnadane ved produksjon og utsending av valkort vert dekkja av departementet via bevilgninga til val. Dette blir direkte sparte midlar for kommunane og departementet føreslår dei at desse vert trekt i rammetilskotet til kommunane.

Då fylkeskommunen har ikkje noko ansvar når det gjeld valkort vil denne endringa ikkje få noko innverknad.

### **Korrigera lova om kor kretsendringar skal rapporterast**

I lova slik den lyd i dag er det feil når det det gjeld kor kretsendringar skal rapporterast til. Departementet anbefaler difor at vallova vert oppdatert slik at det vert vist til rette myndigkeit, slik at valstyra melder kretsendringar inn korrekt.

### **Forskriftsendring om utforming av røystesetlane**

Formatet for røystesetlar til storingsval vart standardisert og fastsatt i valforskrifta før stortingsvalet i 2013. Bakgrunn for dette var at røystesetlar tidligare har vorte trykt opp i ulike format, og omsynet til universell utforming var ikkje tilstrekkeleg ivareteke.

Departementet har etter valet arbeida vidare med formatet for røystesetlar ved lokalval. Universell utforming og hemmelege val er absolutte krav ved standard av røystesetelformatet. Departementet er klar på at desse krava må ivaretakast og at andre omsyn som eventuelt auka kostnader og lengre tid på skanning ikkje kan vera avgjerande for utforminga.

Fylkesrådmannen slutter seg til departementets vurderingar, og støtter forslaget til endringar som gjeld røystesetelformatet.

## **For seint innkomne førehandsrøyster**

Førehandsrøystegjevinga innanriks skal, etter vallova, avsluttast fredag før valdagen og utanriks den nest siste fredag før valdagen. Valforskrifta krev at førehandsrøyster som ein kommune tek i mot den siste veka som førehandsrøystegjevinga pågår skal sendast til riktig kommune med A-post, eller på raskare måte. Dette skal skje kvar dag. For at førehandsrøyster skal kunne godkjennast og telja med i valloppgjeret må dei vera valstyret i hende på valdagen før kl. 21:00. Førehandsrøyster som kjem etter denne fristen skal forkastast.

Ved stortingsvalet 2013 kom 1653 førehandsrøyster for seint fram og vart forkasta i følgje opplysninga fra kommunane. Stortinget sin fullmaktskomité finn at talet på for seint innkomne førehandsrøystegjevingar er uakseptabelt høgt. Departementet foreslår at det vert forskriftsfesta at alle førehandsrøyster som skal sendast til ein annan kommune vert send i ein eigen oversendingskonvolutt. Dette vil bidra til å minska feilsendingar. Departementet vurderer og å forskriftsfesta at førehandsrøyster skal sendast kvar dag dei siste to vekene før valdagen.

Departementet har sett på ulike løysingar som eventuelt kan minska talet på røystesetlar, som må forkastast pga at dei kjem for seint fram.

Alternativ til løysingar som departementet set frem er:

- 1) endra fristen for førehandsrøystinga innenriks til torsdag før valgdagen,
- 2) endra fristen for når førehandsrøyster må vera motteken til tirsdag (dagen etter valet) kl. 16:00.

Departementet meiner at punkt 1 innskrenkar veljarane sin mogelegheit til å nytta røysteretten sin. Dei meiner vidare at ein bør vera varsam med å gjennomføra endringar som grip inn i veljaren sitt høve til å få avglat røyst og foreslår difor ikkje endring av fristen for førehandsrøysting. Departementet ser at punkt 2 kan forseinke valloppgjeret noko. Det vil og påføra det enkelte valstyret noko meir arbeid, då det ville måtte ta en pause i oppteljinga for å vente på førehandsrøyster som er på veg i posten.

Fylkesrådmannen er einig i prinsippet om å unngå innskrenking av veljaren sin rett til å få avglat røysta. Samstundes er det eit problem at så mange førehandsrøyster vert forkasta. Dette innskrenkar og veljaren sin innverknad på valresultatet ved at røysta ikkje vert godkjend på grunn av at postgangen vert forseinka eller at det skjer feilsendingar m.m.

Kommunane har ikkje hatt noko pålegg om loggføring av for seint innkomne førehandsrøyster. I etterkant av valet i 2013 sendte departementet ein førespurnad til kommunane om talet for seint innkomne røyster og mogeleg årsak til at dei kom for seint. Kommunane sine tal er i stor grad grunna på valmedarbeidarane sin hukommelse, og kan difor vera unøyaktige. Fylkesrådmannen meiner at departementet bør bruke valet 2015 til å skaffe seg et godt talmateriale til å vurdera om det er naudsynt med ytterlegare tiltak for å få ned talet på forkasta røystegjevingar. Dette kan gjerast ved at kommunane før valet får beskjed om at dei må å loggføra for seint innkomne førehandsrøyster, slik at talet vert registrert og synleg. Det vil og vera mogeleg å rapportera dette inn til fylkesvalstyret slik at desse røystegjevingane kan registrerast ved kontrollen som vert gjort. Dersom valsystemet opnar for at ein kan føra desse inn manuelt vil dei koma med i systemet og verta synlege.

Fylkesrådmannen støtter forslaget om ein eigen oversendingskonvolutt, samt at dei bør sendast kvar dag kvar dag dei to siste vekene før valet. Røyster som vert avglat fredag før valet er dei som er mest usett for å koma for seint fram. Her bør departementet vurdera om ein bør nytta ein annan måte å senda på enn gjennom posten (A-post).

Samferdselsdepartementet planlegg å fremje eit forslag for Stortinget i 2014 om at Posten Norge AS skal slutta å samla inn og distribuera post på laurdagar. Dersom dette vert vedteke vil det verta naudsynt med ytterlegare tiltak for å sikra at førehandsrøystene kjem fram i tide.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen støttar forslaget til endringar i vallova og valforskrifta og rår til at fylkesutvalet ikkje har merknader til desse endringane.

Fylkesrådmannen vil peika på at ein må nyta valet i 2015 til å skaffa seg eit godt grunnlag for å vurdera kva som er årsaka til at talet på for seint innkomne førehandsrøyster er så høgt.

Kjem det fram av dette grunnlaget at det er fristen som er for kort for oversending, bør det verta gjort endringar i fristen. Fylkesrådmannen meiner at ein då må forlenga fristen for når røystene må vere kome fram til valstyret. Dette vil i mindre grad gå ut over veljaren enn om ein vel å endra tidspunktet for når førehandsrøystinga vert avslutta.